


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. Bødker



VAKRE TONAR I KYRKJA

frå kyrkjeboka



Døypte

09.09.

- Nicolai Lønnebakken Dalseid
- Helene Nymark Skåla
- Julia Fanebust

07.10.

- Martin Sandvik Flatjord
- Mathias Bless Tysseland
- Christina Gjerde Markhus
- Sofie Langeland Skogheim



Døde

d. 28.08

Gerardus Køhne

d. 19.09

Anna Josefine Tverlid

Den første solskinnssøndagen på lenge kunne avsluttast med ein heilt ekstraordinær konsert i kyrkja på Ådland 23. september. Musikk heilt frå 15.-hundretalet til vår tid, trilla og fløynde og løfta oss – og gjorde den fine haustkvelden til ei oppleving me seint vil gløyma.

Dei to gjestemusikarane våre heiter Anette Bjørnenak og Gjermund Fredheim. Anette hadde med seg eit heilt lite kobbel med fløyter i ulike storleikar og med ulike klangar. Ho har halde konsertar saman med ulike andre musikarar både i inn og utland, både med klassisk musikk og med folkemusikk, og har mastergrad i fløyter ved Griegakademiet. Heilt utruleg korleis ho fiska opp den eine fløyta føre og den andre etter, med ulike klangar (og ulike grep). Med muntre triller, imponerende løp og mjuk song levde heile dama med i musikken.

Gjermund Fredheim hadde og fleire strengar å spela på, både vanleg klassisk gitar og ein nok så spesiell barokkgitar med dobbelt strengesett fekk me høyra. Han spela både attåt fløyten og åleine. Det var også han som stod for ein del av arrangementa – til dels omarbeidd til gitar frå gamle notar for andre instrument og til dels improvisert fram. Han sa sjølv han spelte litt "ditt og datt", - men eit "ditt og datt" med verkeleg klasse, spør du meg. Ikkje rart han har vunne



internasjonale gitarkonkurransar både i Italia og Polen. Gjermund har også master frå Griegakademiet. Han har spela både med Bergen Filharmoniske Orkester og med rokkeband, og no altså saman med blokkfløyter i vår eiga kyrkje.

Ja, dei er veludanna og teknisk briljante, men det viktigaste er at dei laga musikk med sjel og

fekk tonane til å leva mellom søylene i den gamle kyrkja. Spansk musikk frå 1500-talet, engelsk 1600-tals-musikk, norsk 1700-talsmusikk og amerikanske folkemusikkinspirerte tonar; Bjørnenak /Fredheim duo gjorde musikken til sin og gav han eit eige preg som fungerte perfekt i kyrkjerommet. Og tenk, den eldste musikken dei spela, er så

gamal at han kunne vore spela i stavkyrkja som stod på Ådland til midt på 1600-talet.

Berre synd at ikkje fleire hadde greidd å koma seg heim frå fjellturen i tide til å få med seg denne duoen. Dei hadde fortent full kyrkje og ikkje berre ei handfull med tilhøyrarar. Men me som var der, fekk i alle fall ei vakker avslutning på ein vakker dag!

B H

kyrkjekalenderen

Oktober

Søn.21. kl. 11.00 - Ådland
Gudsteneste
Nattverd

Fre.26. kl. 19.00 - Haga
Konsert av prosjektkoret
"Fyll heile jorda med lovsong"

Søn.28. kl. 18.00 - Haga
Gudsteneste
Nattverd
Søndagsskule for borna

November

Søn.4. kl. 11.00 - Ådland
Gudsteneste
Nattverd

Søn.4. kl. 18.00 - Ådland
Minnesamvær

Man. 5. kl.19.00 - Haga
Bibeltid v/ Audun Aase

Søn.11. kl. 18.00 - Haga
Gudsteneste/ storsamling
Andakt v/ Hilde Aarvik
Liturg: Johannes Tysse

Fre.16. kl. 19.00 - Haga
Kyrkjelydsfest

NYTT FRÅ SOKNERÅDET

Det nye soknerådet har brukt ein del tid på kyrkjelydsplanlegging og kjem med ein del innspel til kyrkjelydsarbeidet framover. M.a. ynskjer dei:

om kursa, koma og sjå om dette er noko for dei.

Skyss til gudstenestene

Ikkje alle køyrer bil, og då kan det vera vanskeleg å koma seg til gudsteneste. Soknerådet ynskjer å tilby kyrkjestyss til gudstenestene. Ein time til ein halv time før gudstenesta byrjar om søndagane, vil det sitja nokon på kyrkjekontoret og ta imot telefonar om folk som treng skyss. Så køyrer "skysskarane" ut og hentar dei som har ringt. Skal me få dette til TRENG ME SKYSSARAR. (Det treng ikkje vera karar...) Er det nokon som kan tenkja seg å vera med på ei slik teneste? Vert me mange nok, treng du kanskje vera på skyss-vakt ein gong i månaden. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du kan hjelpa oss med dette.

Starta opp att med Alpha-kurs

Desse "grunnkursa" om den kristne trua, kjem til å starta opp over nyttår. Går det an å tru på Gud i vår moderne tid? Korleis er i så fall denne Gud? Skjer det mirakel i vår tid? Kva med englar, fins dei? På Alpha-kursa er slike spørsmål oppe til diskusjon – eller heilt andre, alt etter kva deltarane ynskjer å ta opp. Det er 10 kurskveldar med ulike tema, måltidsfelleskap og rikeleg tid til samtale og diskusjon i grupper. Det heile startar opp med ein festmiddag 8.januar, der kurset vert presentert. Her kan alle som ynskjer å få vita meir

BØNERINGEN er her for deg



Står noko på, så ring Audun Aase på tlf. 41 52 19 05

Vil du vera med i bøneringen, ring det same nummeret.

"Fyll heile jorda med lovsong!"

Heilt sidan Kong David spelte på harpa si, har lovsongen til Skaparen vore sentral i gudstenesta. Tekstar frå heile Bibelen har inspirert mange til gjendikting og tonesetting. Då kyrkja på Haga var ny, vart dette opptakten til "Lovsongs-gudstenestene", med piano, gitarar, slagverk og andre instrument. Eit knippe av desse songane er no arrangerte for m.a. kor med band, særskild for dette høvet. Desse vert framførte av eit prosjektkor. Det vert og allsong, med koret som føresongarar. Bandet er sett saman av lokale, dyktige musikarar.

Velkomne til ein kveld med mykje glad og frisk song og musikk!